

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

---

Dato	20.08.2025
Vår referanse	2025/47195-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Cecilie Thaulé Løvlid
E-post	Cecilie.Thaulé.Lovlid@vlfk.no
Telefon	91848804

## Svar på søknad - dispensasjon frå byggegrense - fv. 5114 - gnr. 172 bnr. 26 - Kvinnherad kommune

Vi viser til søknad av 7.8.2025.

### Saka gjeld


Kvinnherad kommune søker på vegne av ein kunde om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5114. Kommunen ønskjer å få avklart dispensasjonssøknaden før ein søker om frådelling av bustadtomt. Kvinnherad kommune opplyser at den rettleiande byggegrensa på Varaldsøy ser ut til å vere 15 meter, jf. andre bygningar i området.

### Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5114 for å oppføre bustadhus på gnr. 172 bnr. 6 i Kvinnherad kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 7.8.2025.



2. Avstanden frå bustadhuset (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5114 skal vera minst 15 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bustadhuset må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv T-1442 og T-1520 frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.

6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5114.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 15 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

Fylkesveg 5114 har i gjeldande rammeplan for byggjegranser og avkøyrslar på fylkesvegar haldningsklasse 4, lite streng. Her er ikkje snarleg og framtidig planar for breiddeutviding. Tiltaket hindrar ikkje sikt i avkøyrsel til eigedomen og er utanfor fylkesvegens tryggleiksavstand.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Eva Sundal for

Ann Kristin Nes  
seksjonsleiar  
INV - Vegforvaltning Vestland

Cecilie Thaulé Løvlid  
seniorrådgjevar  
INV - Vegforvaltning Vestland

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Salskart.pdf
- 2 Kartskisse - Tomt T3 - Varaldsøy - 07.05.2025.pdf